

tips:
57 84 90 00
sms/mms:
fjt tips til 2399
epost:
fjt@fjt.no

kultur



Med på romantikk-liste

På grunn av reiserestriksjonar har mang ein kjærastetur til utlandet blitt sett på vent på ubestemt tid. Derfor har VG publisert ei liste over stadar dei anbefaler ein kan reise for å pleie forholdet. Ein av dei er Skongenes fyr utanfor Måløy. Det er hytter som er underlagt Den Norske Turistforening som har fokus i saka til avisa. Av 550 alternativ har dei altså plukka ut ti stadar dei meiner er verdt eit besøk.

– Det er ei stor ære, og det var veldig gøy å bli spurt om å vere med på seglasen

Elisabet Osdal frå Stad kommune og Dina Øien frå Kinn kommune får vere med på Sunnivasegласen som skal frakte ein kopi av Sunnivaskrinet frå Selja til Bergen.

– Det er ei stor ære, og det var veldig gøy å bli spurt om å vere med. Eg trur at dette vert ei oppleving ein vil hugse for alltid, seier Elisabet Osdal.

Saman med tre andre unge er ho invitert til å vere med på ein seglas i historiske farkostar langs Kystpilegrimsleia for å markere at det er 850 år sidan flyttinga av Sankta Sunniva sine leivningar frå Selja til Bergen.

– Det er ekstra stas å delta når ein får samla unge frå ulike kyrkjer og med ulik tru. Det vert interessant å lære litt om kva andre trur og tenker.

Ho ser også fram til å skulle segle ei heil veke, og til å vere med på aktivitetar og stranddrydding saman med skuleelevar både på klosterøya og langs leia.

Seglasen opnar med ei stor markering av Sunniva-festivalen i Selje 28.–29. august. Derifrå reiser ungdomane sørover langs kysten med Sunniva-skrinet som har med tekstar om å ta vare på skaparverket.

Det er planlagt at Kystkulturlaget i Vågsøy tar første etappe



GLER SEG: Seglasen med Sunnivaskrinet frå Selje til Bergen er planlagt å vare frå 28. august til 5. september. To av ungdomane som er inviterte til å vere med og hente og frakte skrinet er Elisabet Osdal (t.v.) frå Selje og Dina Øien frå Florø. FOTO: SIRI KOLSETH

og at det vert båtveksling til Hornelen kystlag før Frøysjøen. Etter stogg med program i Kalvåg er det Kalvåg kystlag som går med båt til neste stogg som er Kinn. Sunniva-segласen kjem 5. september fram til Bergen sitt 950-årsjubileum og til feiring av Sunniva-festivalen 2020.

Seniorrådgjevar Ragna Sofie Grung Moe ved Bjørgvin bispe-

døme reknar med at segласen i hovudsak kan ventast å gå som planlagt sidan det meste skjer utandørs både på sjø og land.

– Båtfolk langs leia er hjarteleg velkomne til å fylgje skrinet på ferda, seier Grung Moe, og legg til at folk flest kan følgje ferda på nettsida sunnivaseglas.no. Skrinet får ein innebygd GPS-sendar slik at alle veit

kor det er til ei kvar tid.

Arrangementa på stoppestadane er opne for alle. Elles vert kyrkjene der skrinet skal takast inn opne for ei samling av alle kristne.

– Vi feirar arven etter Sta. Sunniva, vår felles kristne arv. Dei fire jentene som følgjer skrinet representerer protestantar, katolikkar og ortodokse

truande. Vi ser no saman på korleis alle kan vere med på å medverke til at ferda kan inkludere og synleggjere det økumeniske mangfaldet som også Sta. Sunniva representerer. Ferda vil mellom anna ha ein eigen ortodoks liturgi på Selja og i Hamre kyrkje, seier Moe.

SIRI KOLSETH
siri@fjt.no

VINN 100.000

FIRE TREKNINGAR
AV GÅVEKORT VERDI
KRONER 25.000

**HANDLE HER OG DU KAN BLI DEN
HELDIGE:** • ARNES BLOMSTERVERDEN •

• BRUNSVIK JERNVARE • BYGG OG BOLIGMARKEDET • B-YOUNG •
• BAKERIET CAFE & CATERING • ELKJØP MÅLØY • FAGMØBLER •
• GANGSØ KONTRAKTSMØBLER • HAVFRUEN SJØMAT &
• MIKROBRYGGERI • INTERSPORT MÅLØY • KONTORPUNKT •
• NET PARTNER • NORTEKSTIL JOBBPARTNER •
• RADIO-TV SERVICE • SPORTS • TOYOTA NORDFJORD •
• VERLO • VIC LEFDAL •

Vi trekker vinnarar fire gongar i 2020



Fjordenes Tidende